



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.05.2014

Vår ref.: 2014/4836

Arkivnr.: 630

Sauda kommune
Postboks 44
4201 Sauda

Att. v/Jakob Svandal

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med Sauda kommune sitt arbeid med elevene sitt utbytte av opplæringa

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgjenge til lokale og anlegg når det er nødvendig for å ivareta Fylkesmannen sine oppgåver, jf. kommunelova § 60c.

I perioden 2014-2017 skal det gjennomførast felles nasjonalt tilsyn knytt til skulen sitt arbeid med elevene sitt utbytte av opplæringa. Dette felles nasjonale tilsynet er delt inn i tre område: Skulen sitt arbeid med elevene sitt utbytte av opplæringa (1), skulen sin forvaltningskompetanse (2) og arbeidet med skulebasert vurdering (3). Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleingsmaterieil for det felles nasjonale tilsynet. Rettleingsmaterieilet inneheld nærare informasjon om dei ulike tilsynsområda og innhaldet i det felles nasjonale tilsynet, og er tilgjengeleg på www.udir.no.

Dette varselet om tilsyn gjeld:

1. Sauda ungdomsskule sitt arbeid med elevene sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kap.1, 2 og 5 og forskrift til opplæringslova kap.1 og 3. Undertema i tilsynet vil vere skulen sitt arbeid med:
 - opplæring i fag, jf. opplæringslova §§ 2-3, 5-1 og 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2
 - undervegsvurdering for å auke elevene sitt læringsutbytte, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13
 - undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og særskilt tilrettelegging, jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1, 5-4 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11
 - vurdering av behov for særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8
2. Tilsyn med skulen sin forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging, jf. forvaltningslova § 2 og kap. IV-VI og opplæringslova kap. 2 og 5. Undertema i tilsynet vil vere:
 - generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak, jf. forvaltningslova §§ 16, 18, 19, 24, 25, 27-32 og opplæringslova § 15-2

- enkeltvedtak om spesialundervisning, jf. forvaltningslova § 2 og kap. IV og V og opplæringslova §§ 5-3 og 5-4
- enkeltvedtak om punktskrifto pplæring, jf. forvaltningslova § 2 og kap. IV og V og opplæringslova § 2-14
- enkeltvedtak om særskilt språkopp læring, jf. forvaltningslova § 2 og kap. IV og V og opplæringslova § 2-8

Føremål med tilsynet

Temaet for det nasjonale tilsynet er retta inn mot skulen sitt kjerneområde: Å arbeide med eleven sitt utbytte av opplæringa. Det overordna målet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa og oppnår ønskt kompetanse.

Fylkesmannen skal kontrollere at skulen sørgjer for at:

- elevane får kjennskap til og opplæring i dei kompetansemåla som sentrale styresmakter har fastsett
- elevane får tilbakemeldingar og deltar i opplæringa slik at dei får reelt høve til å nå måla for opplæringa
- elevane sitt utbytte av opplæringa blir vurdert kontinuerleg, og at elevane blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredstillande

Tilsynet med skulen sin forvaltningskompetanse skal også medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa og oppnår ønskt kompetanse. For å sikre at dette gjeld alle elevar er det viktig å ta i vare elevar som har behov for ekstra tilrettelegging i skulen. Eleven sine rettar i opplæringslova er meint å sikre at alle elevar får eit forsvarleg utbytte av opplæringa. Skulen sine avgjerder om tilrettelegging for elevar, er enkeltvedtak. Reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova skal sikre at saksbehandl inga skjer korrekt etter lova, og sikrar eleven sin rettstryggleik.

Sauda ungdomsskule må sikre dei føresette sin rettstryggleik gjennom å involvere dei i vurderingane før skulen tar avgjerder om særskilt tilrettelegging. I tillegg er det viktig at eleven sine behov blir vurderte og kartlagde på ein fagleg forsvarleg måte. Dette skal både medverke til at alle viktige behov og omsyn kjem fram, og at eleven og dei føresette forstår og ser verdien av tilrettelegginga. Både involvering og sakkunnig vurdering er viktige føresetnader for at skulen kan fatte eit vedtak som gir gode føringar for skulen si tilrettelegging.

Gjennom tilsyn med skuleeigar og skulen skal ein eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen har valt å føre tilsyn med Sauda kommune v/Sauda ungdomsskule si etterleving av lovkrava knytte til tilsynstemaet. Tilsynet blir utført ved ein gjennomgang av innsend dokumentasjon og intervju.

Dersom Fylkesmannen avdekker lovbrøt, vil Sauda kommune få førehandsvarsel om vedtak, jf. forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette lovbrøt før Fylkesmannen vedtar eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Vi viser til kontakt med kommunalsjef Jakob Svandal og rektor ved Sauda ungdomsskule Lars Terje Sandvik. Plan for gjennomføringa ser førebels slik ut:

22.08.2014: Frist for innsending av eigenvurderingsskjema og dokumentasjon

24.09.2014: Opningsmøte og intervju

25.09.2014: Intervju

Gjennomføring av intervju skjer på Sauda ungdomsskule. Intervjuplan blir sett opp i samråd med rektor ved skulen og kommunalsjef i Sauda kommune.

Dato for sluttmøte blir sett opp seinare.

Fylkesmannen gjer merksam på at både førebels og endeleg tilsynsrapport er offentlege, jf. offentleglova § 3. Den endelege tilsynsrapporten vil bli publisert på Fylkesmannen sin nettstad.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber Sauda kommune om å sende inn ferdig utfylte eigenvurderingsskjema. Rektor skal fylle ut eit skjema, og faglærarane som er avtalte mellom Fylkesmannen og skolen fyller ut kvart sitt skjema. Skulen og dei aktuelle lærarane skal legge ved dokumentasjonen som det blir vist til i eigenvurderingsskjema. I tillegg ber vi skolen om å sende inn sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP og halvårs-/årsrapport på dei elevane som har vedtak om spesialundervisning i dei faga som er valde. Skulen skal også legge ved kartlegging og vedtak om særskilt språkopplæring, jf. § 2-8, for elevar med slikt tilbod i dei tre klassane som er med i tilsynet.

Plikta til å sende inn slik informasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60c. Dokumentasjonen som blir sendt inn, kan berre bli unntatt frå offentlegheit i den grad det er heimla i offentleglova.

Frist for innsending: 22.08.2014

Spørsmål om tilsynet kan rettast til tilsynsleiar Una Bjørnseth Wereide, fmroubw@fylkesmannen.no tlf. 51 56 87 24.

Med helsing

Hallgeir Bø
assisterande utdanningsdirektør

Una Bjørnseth Wereide
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Una Bjørnseth Wereide
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 24
E-post: fmroubw@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Eigenvurderingsskjema
Oversikt over føresegnene i rettleiingsmateriellet

Kopi til:
Sauda ungdomsskule Postboks 44 4201 Sauda